

Fra: hoyring@hfk.no

Sendt: 26.09.2014 15:56:36

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Høyringsuttalelse regional kulturplan referansenr. 2014/1442

Vedlegg:

Pa_vegner_av: Stiftinga Vestnorsk kulturakademi

Postadresse: Magasinvegen 26

Postnummer: 5705 Voss

Innsendar: Kristine Akselberg

e_post: post@kulturakademi.no

Uttale: Dette er ein viktig og lærerik plan. Spesielt vil me framheva den grundige historiske gjennomgang av dei ulike kulturfelta, dokumentert gjennom offentlege utreiingar og stortingsmeldingar. I tillegg gjev den klargjerande innspel når det gjeld samordninga av innsatsen mellom kommunar, fylkeskommune, statlege mynde, private og kulturlivet sjølv. Det siste er av stor betydning for hovedinteressefeltet til Vestnorsk kulturakademi som går på kulturarven og kulturminnevernet. Det kjem godt til uttrykk på side 41 ved vektlegginga av lokale politiske prosesser. Det er eit gjennomgripande trekk ved planen at den får profilert det lokale nivå og arbeidet med kulturplanar i kommunane. Akademiet har spesielt merka seg omtalen av kulturbasert næringsutvikling i forhold til kulturarv og kulturminnevern (side 37) og kan stemma i omtalen. Den bør med fordel koplast til det som er sagt om byggjenæringa (side 43) og om kompetanseutvikling i samarbeid med universitet- og høgskulesystemet (side 40). Stikkord: etter- og viderutdanning. Det opne spørsmål er likevel korleis samarbeidet med næringsaktørar skal verta organisert. I sitt vidare arbeid med eit bygningsvernenter vil akademiet ha stor nytte av ei rekke av dei punkta som elles er tatt opp i planen. Dette er eit dokument som me gjerne vil koma tilbake til. Det gjeld spesielt dei kulturelle særtrekk ved Hordaland og vestlandet som blant anna gjer seg gjeldane ved fastsetjinga av særtrekka i den vestnorske byggeskikken.